



Nina Jenny Tresvik Monstad

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/3096 - 18/17709

Saksbehandlar:

Ole Jakob Aarland

ole.jakob.aarland@lindas.kommune.no

Dato:

01.06.2018

## Svar på spørsmål om breiband på Myksvoll

Vi viser til deres brev av 8. april d.å. om fordeling av offentlege midlar til utbygging av breiband.

Utbygginga er eit resultat av anbudsutlysing der mange ulike områder i kommunen var teikna opp. Områda er sett saman ut frå eit kriterium å få flest moglege bustader med tilstrekkeleg breibandsdekning. Grunna dette er det ikkje samanfall med andre områdeinndelingar som t.d. bygdegrensar eller skulekrinsar. Dette vart det opplyst om i høyring gjennomført våren 2016. Grunna omfanget av og tidsommet for høyringa var det ikkje høve til å gjennomføre bygdemøter eller liknande. Høyringa var publisert gjennom lokale aviser, kommunale nettstad og sosiale media og resulterte i mange innspel.

Vi gjer merksam på at det nettopp er utført tilsvarande høyring for neste utbyggingstrinn – sjå <https://www.lindas.kommune.no/kor-skal-vi-byggje-breiband-no.6114723-298404.html> Strekninga Monstad - Myksvoll – herunder Lurevegen 850 – inngår i areal som potensielt kan byggast ut.

Budsjettgrunnlaget for utbygginga var langt frå tilstrekkeleg for å gje fullverdig dekning til alle husstandane i kommunen. Dermed vart det naudsynt med avgrensing, og diverre er det nok mange som opplever det som urettvist at dei ikkje får eit tilbod når grensa går nær deira bustad.

I dykkar tilfelle har leverandør likevel gitt eit tilbod, men ettersom bustaden ikkje inngår i det som er avtalt med kommunen, er vilkår for tilbudet fastsett av leverandøren aleine.

At det er gitt eit tilbod kan tyde på at leverandør finn det gunstig å utvide utbyggingsområdet medan dei likevel er i området. Kommunen skal ha møte med leverandør i nær framtid, og vil ta opp situasjonen på Myksvoll. Om det gjev eit anna resultat på kort sikt er for tidleg å si no.

Med helsing

Ole Jakob Aarland  
rådgjevar

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733



*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Nina Jenny Tresvik Monstad